

**Sakshandsamar:**

Reidun Liljedahl Fimreite
E-post: reidun.liljedahl.fimreite@sfj.no
Tlf.: 57 65 62 19

Vår ref.

Sak nr.: 13/721-7
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

17931/14

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 23.06.2014

Høyringsinstansar

Høyring om; Lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune sender med dette på høyring forslag til «Lokal inntaks- og formidlingsforskrift».

Kunnskapsdepartementet fastsette den 3.09.2013 nytt kapittel 6 om inntak til vidaregåande opplæring og nytt kapittel 6A om formidling til læreplass i forskrift til opplæringslova.

Inntaks- og formidlingsforskrift med heimel i forskrift til opplæringslova av 23.05.2006 nr 724, § 6-2 og § 6A-2, stiller krav om at kvar fylkeskommune skal utarbeida eiga lokal forskrift.

Denne lokale forskrifta gjeld inntak til alle offentleg vidaregåande skular og formidling av lærlingar og lærekandidatar i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Forskrifta skal gje utfyllande reglar og kjem i tillegg til sentral forskrift, kap. 6 og 6A.

Forskrifta omhandlar dei områda der Sogn og Fjordane har reglar som skal utfylle forskrift til opplæringslova, og i forslaget er det valt å ikkje gjenta det som er fastsett i opplæringslova eller forskrift til opplæringslova. Den lokale forskrifta bør difor lesast i samheng med opplæringslova og sentral forskrift.

Lokal inntaks og formidlingsforskrift for Sogn og Fjordane blir kunngjort i Norsk Lovtidende, snarast etter vedtak i fylkestinget i oktober 2014.

I tillegg til lokal inntaks- og formidlingsforskrift skal det utarbeidast ei rutinehandbok, som blir ein del av kvalitetssystemet i vidaregåande opplæring. For å gje søkjarane god informasjon om innsøking og regelverk, vil det til skuleåret 2015-2016 bli laga ei søkjarhandbok.

Det første inntaket som fullt ut vil bli regulert av lokal inntaks- og formidlingsforskrift er inntaket til skuleåret 2015-2016.

Høyringsinstansane vert bedne om å uttale seg om heile den lokale forskrifta.

Forslag til lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert sendt på høyring til aktuelle instansar, jf. adresseliste.

Høyringsfrist 25. august 2014.

Politisk handsaming av Lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Sogn og Fjordane fylkeskommune:

Fagopplæringsnemnda
Hovudutval for opplæring 23.september
Fylkesutvalet 24.september
Fylkestinget 14.oktober



Høringsuttale sendast til:
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
Askedalen 2
6863 Leikanger

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Bekka Skaasheim
fylkesdirektør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Lokal inntaks og formidlingsforskrift for Sogn og Fjordane fylkeskommune

Mottakarar/Høyringsinstansane:

KS Sogn og Fjordane
Kommunane i Sogn og Fjordane
Dei vidaregåande skulane
Opplæringskontora
NAV Sogn og Fjordane
NHO Sogn og Fjordane
LO Sogn og Fjordane
Høgskulen i Sogn og Fjordane
Fagskulen i Sogn og Fjordane
Ungt Entreprenørskap
Elevorganisasjonen
Elev og lærlingombodet
Ungdomspolitisk utval
Fylkesmannen v/utdanningsdirektør
Fylkeshovudtillitsvalde

Vedlegg**Lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass i Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Heimel: Fastsett avfylkestinget xx.xx.2014, med heimel i forskrift til opplæringslova av 23.06.2006 nr. 724, § 6 – 2 og § 6A – 2.
I kraft: xx.xx.2014

I. Inntak**§ 1 Generelt**

Denne forskrifta gjeld inntak til alle offentleg vidaregåande skular og formidling av lærlingar og lære kandidatlar i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Forskrifta gir utfyllande reglar og kjem i tillegg til sentral forskrift, kap. 6 og 6 A.

§ 2 Inntaksområde

I Sogn og Fjordane fylkeskommune er det fritt skuleval. Søkjarane står fritt til å søkje til skular i heile fylket, uavhengig av kvar dei bur.

For søkjarar til tilbod fylkeskommunen ikkje tilbyr kan fylkesrådmannen kjøpe skuleplassar eller gje gjesteelevgaranti i andre fylke. Dette gjeld berre søkjarar med ungdomsrett.

Søkjarar med ungdomsrett som bur i enkelte grenseområde med andre fylke kan ta ut retten sin i nabofylket. Søknadene skal handsamast etter eigne avtalar mellom fylkeskommunane.

Fylkesrådmannen kan gje gjesteelevgaranti for søkjarar med ungdomsrett til andre fylkeskommunar etter individuell vurdering, dersom det er tungtvegande grunnar for dette.

Søkjarar som er folkeregistrerte i andre fylke, men der ein av foreldra er folkeregistrert i Sogn og Fjordane, kan etter søknad få ungdomsrett i Sogn og Fjordane.

§3 Inntak til vg1

Søkjarane må prioritere tre utdanningsprogram ved innsøking til vg1. Innanfor kvart utdanningsprogram kan det prioriterast inntil tre skular.

Inntaket vert gjennomført med grunnlag i karakterane frå grunnskulen, konkurransepoeng.

Dersom søkeren ikke har nok konkurransepoeng til å komme inn på nokon av dei prioriterte skulane, vil søknaden bli vurdert i høve andre skular som tilbyr dei prioriterte utdanningsprogramma.

Søklarar som ikke søker tre forskjellige utdanningsprogram kan bli plasserte på utdanningsprogram med ledig kapasitet.

Fylkesrådmannen kan ta inn deltidselevar når fulltidselevar med ungdomsrett har fått inntak.

§ 4 Inntak til vg2 og vg3

Søklarane kan prioritere inntil tre programområde på vg2 og vg3 som han/ho er kvalifisert til. Innanfor kvart programområde kan søkeren prioritere inntil tre skular.

Inntaket vert gjennomført med grunnlag i karakterane frå vg1 eller vg2, konkurransepoeng. Ved innsøking til vg2 vert karakterar frå vg1 lagt til grunn, og ved innsøking til vg3 vert karakterar frå vg2 lagt til grunn.

Søklarar som ikke har nok konkurransepoeng til å komme inn på prioriterte programområde og skular, vil bli vurdert i høve andre programområde som han/ho er kvalifisert til, men som ikke er prioritert i søknaden.

§ 5 Inntak til vg1 musikk, dans og drama

Inntil 50% av søkerane kan få inntak på grunnlag av ferdigheitsprøve (inntaksprøve), i tillegg til poengsum (konkurransepoeng) på grunnlag av karakterar.

Søklarar som tek ferdigheitsprøve (inntaksprøve) får ut frå presentasjon/talent 3 til 10 tilleggspoeng. Tilleggspoenga kjem i tillegg til poengsum (konkurransepoeng).

Dette gjeld berre for søkerar som har vg1 musikk, dans og drama som sitt første ønske. Prøven vert halden i fordjupinga og på skulen som er første ønske.

Fylkesrådmannen avgjer kva fordjupingar det skal gjennomførast ferdigheitsprøve (inntaksprøve) i.

§ 6 Inntak på grunnlag av prestasjonar i idrett

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ordningar for inntak på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter i idrett.

Søklarar til desse ordningane må sende søknadsskjema med vedleggsskjema og dokumentasjon frå særkrins/klubb som stadfestar dei idrettslege prestasjonane. Sogn og Fjordane idrettskrins prioriterer mellom søkerane.

Søklarar som vert prioriterte får 3 tilleggspoeng. Desse kjem i tillegg til konkurransepoenga.

§ 7 Inntak til særskilde yrkesfaglege utdanningsløp som leiar fram til yrkes- og studiekompetanse

Inntaket vert gjort på bakgrunn av karakterar (konkurransepoeng) og intervju i bedrift.

Søkjarar må ha minst karakteren 4 i matematikk og naturfag. I tillegg må søkjarar ha avtale om læreplass i ei bedrift.

§ 8 Inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod

Søkjarar til landslinjer og landsdekkande tilbod skal søkje til heimfylket. Søkjarar frå heile landet konkurrerer likt ved inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod. Inntaket vert gjennomført på bakgrunn av konkurransepoeng (karakterar).

§ 9 Inntak til statlege vidaregåande skular

Søkjarar frå Sogn og Fjordane kan søkje statlege vidaregåande skular på linje med søkjarar frå andre fylke. Inntaket vert gjennomført på bakgrunn av konkurransepoeng (karakterar).

§ 10 Inntak av elevar med rett til spesialundervisning og som har sterkt nedsett fysisk eller psykisk funksjonsevne

Fylkesrådmannen avgjer etter søknad om det ligg føre tungtvegande grunnar for at søkjarar som oppfyller vilkåra i § 6-17 i forskrift til opplæringslova kan få inntak til ein bestemt skule, sølv om søkjarane ikkje har nok konkurransepoeng til å komme inn på skulen.

§ 11 Inntak av norske elevar i utlandet og utanlandske elevar i Norge (utvekslingslevar)

Norske søkjarar med ungdomsrett som er utvekslingslevar ved ein skule i utlandet og utanlandske søkjarar i Norge skal takast inn på individuelt grunnlag.

§ 12 Endra status frå fulltidselev til deltidselev

Fylkesrådmannen avgjer om søknad om å endre status frå fulltidselev til deltidselev skal godkjennast.

Søknad kan berre godkjennast når det ligg føre tungtvegande og dokumenterte årsaker.

§ 13 Inntak av deltidselevar til vg2/vg3

Elevar som ikkje oppfyller vilkåra i §6-28 (skal ha bestått alle fag på lågare nivå for å vere kvalifisert til eit tilbod) eller §6-37(heilskapleg vurdering av om søkjaren samla sett har faglege føresetnader for å følgje opplæringa på neste nivå), kan i særlege tilfelle likevel takast inn som deltidselevar.

Fylkesrådmannen tar inn deltidselevar.

Inntak av deltidselevar skjer etter at fulltidselevar har fått inntak.

Deltidselevar med ungdomsrett skal få inntak før deltidselevar utan ungdomsrett. Ved ledige plasser kan søkjarar utan ungdomsrett få inntak.

§ 14 Søknadsfristar

Søknadsfristen er 1. februar for søkjarar som søker om særskilt inntak og spesialundervisning. For ordinære søkjarar er søknadsfristen 1.mars.

Søknader frå søkjarar utan rett vil ikkje verte handsama etter søknadsfristen. Søknader frå søkjarar med ungdomsrett vil verte handsama individuelt, og søkjarane kan få tilbud der det vert ledige plassar etter siste inntak.

Inntak i samarbeid med oppfølgingstenesta kan skje uavhengig av fristane som er nemnde ovanfor.

Søknader etter søknadsfristen (søkjarar med rett) må grunngjevast skriftlig. Alle søkjarar får svar.

§ 15 Flytting

For å kome med i inntaket til vidaregåande skule i Sogn og Fjordane må flytting vere meldt til folkeregisteret innan 1. mars.

Søkjarar som flyttar til Sogn og Fjordane etter 1. mars, kan takast med i inntaket dersom det ligg føre særlege årsaker.

Søkjarar som flyttar til Sogn og Fjordane saman med familien sin kjem inn under omgrepet særlege årsaker. Søknader med dokumentasjon må sendast til Sogn og Fjordane fylkeskommune innan 23.06.

§ 16 Bruk av retten til vidaregåande opplæring

Søkjar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova §3-1 brukar ikkje av retten dersom opplæringa utgjer 1/3 eller mindre av timetalet frå eit utdanningsprogram eller eit programområde, jf. forskrift til opplæringslova § 6–4, 1. ledd.

Elevar (heiltidselevar) brukar ikkje av retten sin dersom dei sluttar innan 1. november.

Elevar som sluttar etter 1.november i skuleåret har brukt eitt år av den tre-årige ungdomsretten, og eitt år av den fem-årige fristen.

§ 17 Frammøte ved skulestart

Elevane må møte på skulen første skuledag.

Dersom ein elev ikkje kan møte første skuledag må skulen få melding. Fråværet må dokumenterast. Dersom skulen ikkje får melding mister eleven skuleplassen.

§ 18 Rektor sin rett til inntak av elevar

Rektor har ikkje rett til å ta inn elevar før fylkesrådmannen sitt inntak er avslutta.

Når fylkesrådmannen har avslutta inntaket vert vidare inntak delegert til rektor. Rektor skal følgje ventelistene som er utarbeidde av fylkesrådmannen.

Når alle søkjarane med ungdomsrett på venteliste har fått tilbod om skuleplass, kan rektor gi tilbod til søkjarar med ungdomsrett som ikkje står på venteliste.

Deretter kan rektor gje tilbod til søkjarar etter følgjande prioritering:

1. Søkjarar med fullføringsrett
2. Søkjarar med vaksenrett

Søkjarar utan rett, og som er busette i Sogn og Fjordane, kan takast inn dersom det framleis er ledige plassar når alle søkjarar med rett har fått tilbod.

Fylkesrådmannen vil gje nærare retningslinjer for når inntak av søkjarar utan rett kan starte, og for når inntaket kan avsluttast og ventelistene kan fråvikast.

II Formidling

§ 19 Søknad om formidling til læreplass

Fristen for å søkje formidling til læreplass er 1. februar for lærekandidatar og 1. mars for lærlingar, jf. forskrift til opplæringslova § 6A – 4.

Søknader frå søkjarar utan rett vert ikkje handsama etter søknadsfristen. Søknader frå søkjarar med ungdomsrett vil verte handsama individuelt.

Søknad i samarbeid med oppfølgingstenesta kan skje uavhengig av fristane som er nemnde ovanfor.

Søknader etter søknadsfristen (søkjarar med rett) må grunngjevast skriftlig. Alle søkjarar får svar.

§ 20 Formidling

Alle søkjarar med ungdomsrett vert formidla til lærebedrifter når søknadsfristen har gått ut. Etter 1. august vert alle søkjarar som ikkje er kvalifiserte bli tekne ut av formidlingslistene.

Søkjarane må ha bestått i alle fag frå vg1 og vg2 med unntak av inntil to fellesfag for å vere kvalifiserte.

Søkjarar med ungdomsrett som er kvalifiserte, men som ikkje har fått tilbod om læreplass innan 15. august, skal få tilbod om vg3 i skule innan 15. september.

§ 21 Bruk av retten til vidaregåande opplæring

Som hovudregel (2+2modellen) har ikkje lærlingar og lærekandidatar brukt av retten sin dersom dei sluttar innan 6 månader etter at lærekontrakt/opplæringskontrakt er inngått.

Etter 6 månader opplæring i bedrift har lærlingen/lærekandidaten bruk av retten sin. Desse 6 månadene treng ikkje vere samanhengande i ei lærebedrift.

Ved andre modellar i fagopplæringa skal læretida reknast ut individuelt.

Fylkesrådmannen avgjer når retten er brukt opp etter dei ulike modellane for fagopplæring.

Lærlingar og lærekandidatar med særskilde behov kan i særskilde tilfelle bruke lenger tid på opplæringa. Dette krev sakkunnig vurdering frå pedagogisk-psykologisk teneste.

Fylkesrådmannen gjer vedtak om dette.

III Felles reglar

§ 22 Mindre endringar i forskrifta

Fylkesrådmannen har mynde til å gjennomføre mindre endringar i forskrifta.

§ 23 Delegering av ansvar

Fylkesrådmannen har mynde til å delegerare ansvar i denne forskrifta.